



Klima- og miljødepartementet
Postboks 8013 Dep
0030 OSLO

Fråsegn til høyring på endring i rovviltforskrifta § 10 femte ledd - vurdering av lik jakttid for ulv i og utanfor ulvesona

Vi viser til høyringsbrev av 5. desember 2017, om høyring på framlegg til endring i Forskrift om forvaltning av rovvilt (rovviltforskrifta) § 10 femte ledd d) og e), for fastsetting av lik jakttid på ulv innanfor og utanfor forvaltningsområdet for ulv (ulvesona).

Fylkesmannen i Møre og Romsdal uttalar seg til den delen av høyringa som gjeld endring av jakttida utanfor ulvesona.

Tidlegare oppstart på lisensfellingsperioden

Departementet har foreslått at ny jakttid på ulv utanfor ulvesona skal starte samstundes med oppstart på elgjakta den 25. september.

I Møre og Romsdal er det jakt på hjort som er den dominerande storviltjakta. Det er opna for jakt på hjort i alle dei 36 kommunane i fylket, og i 2017 vart det felt over 11.000 hjortar under jakta. Til samanlikning er det kun opna for jakt etter elg i 14 av kommunane i fylket, hovudsakleg i kommunar i Romsdal og på Nordmøre.

Erfaringsmessig vil streifdyr av ulv kome inn til fylket både i nord, midtre delar og i sør. Dersom forskrifta vert endra slik at lisensfellingsperioden for ulv startar tidlegare enn i dag, meiner Fylkesmannen at denne må vere lik oppstarten av hjortejakta 1. september.

Forlenga lisensfellingsperiode om våren

Det er foreslått å forlenga lisensfellingsperioden på ulv utanfor ulvesona ut april månad. Hovudargumentet for framlegget er, at ei slik utviding vil verke konfliktdempande og redusere omfanget av søknader om skadefelling av streifande einskildindivid om våren.

Samanlikna med dei fylka som ligg nær ulvesona, har Møre og Romsdal få søknader om skadefelling av ulv, og ingen så tidleg som i april. Fylkesmannen vil likevel sterkt fråå å utvide lisensfellingsperioden inn i april månad. Ei slik utviding bryt med det grunnleggande forvaltningsprinsippet om yngletidsfreding, og som er nedfelt i naturmangfaldlova § 15 (tidlegare viltlova § 3). Viltet er særleg sårbart om våren. Dyra er i dårlegare kondisjon etter vinteren, samstundes som det er yngletid. Vi vil minne om omsynet til viltet i denne tida på

året også er innarbeidd i anna lovverk, som reglane om ferdselsrett i friluftsløva og om bandtvang i hundeløva § 6. Dersom forslaget vert innarbeidd i forskrifta, er vi av den oppfatning, at dette vil svekke tilliten og omdømmet til miljøforvaltninga.

Fylkesmannen meiner, at gjeldande regelverk om skadefelling fungerer tilfredsstillande for uttak av streifande ulv som utgjør eit skadepotensiale på våren. Bruken av skadefelling gir forvaltninga tilgang på fleire verkemiddel for effektiv felling og gjennomføring av fellingsforsøk enn ved lisensfelling.

Med den oppstykkja eigedomsstrukturen vi har i vårt fylke og den store spreinga det er i haldningane til ulv i norsk natur, vil det og vere eit vesentleg potensiale for konflikhtar knytt til krenking av grunneigar sin jaktrett ved ei eventuell opning for lisensfelling av ulv i vårmånaden april.

Konklusjon

Ein eventuell tidlegare start på lisensfellingsperioden for ulv bør samordnast med oppstart av hjortejakta 1. september.

Av omsyn til viltet og yngletidsfredinga, rår Fylkesmannen frå lenging av lisensfellingsperioden ut over mars månad. Dagens forvaltningspraksis med bruk av skadefelling etter rovviltforskrifta fungerer tilfredsstillande.

Med helsing

Ulf Lucasen (e.f.)
ass. miljøverndirektør

Ola Betten
fagansvarleg

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.